

---

**Fra:** Anne-Lise Næs Olsen  
**Sendt:** 14. september 2015 15:06  
**Til:** 'Øyvind Blom'  
**Kopi:** Nils Marton Aadland; Anny Bastesen  
**Emne:** SV: Merknadar i samband med høyringsfrist - Flytting av Blom fiskeoppdrett AS frå Laksevika til ny Lokalitet ved Holme

Hei.

De skriv at de byrjar å få dårleg tid, at de må flytta anlegget i februar/mars, og at utstyret må bestillast i november.

Fylkesmannen derimot rår i frå at det vert gjeve dispensasjon til flytting av oppdrettsanlegg frå Laksevika til Holme i Meland kommune. Dei meiner det skal lagst ei grundig konsekvensutreiing før det kan vurderast om det er aktuelt å flytte og utvide anlegget.

Kommunen kan behandle dispensasjonssaka til tross for merknader som er kome inn. Då kan me om mogeleg spare litt tid, men me kan ikkje seie noko om utfallet av saka då denne kan verta påklaga. Me bed då om at de kjem med uttale til merknadane i saka, slik at me kan utgreie denne best mogeleg.

De skriv at de har snakka med Kystverket om saka og at dei er positive dersom de kortar inn anlegget på lengda. De skriv også at de er i dialog med kystverket og vil kome med eit nytt forslag på omfanget av anlegget basert på deira innspel.

**Kommunen kan behandle dispensasjonssøknaden når me har motteke dykkar reviderte forslag, og når me har motteke uttalar til merknadane i saka.**

Det er elles fint om de held eit orienteringsmøte med naboane og fortel om forslaget. Ta kontakt ved spørsmål.

*Med venleg helsing*

Anne-Lise Olsen  
Fagansvarleg Plan  
Tlf. 56171000/1173  
e-post: [anne.lise.olsen@meland.kommune.no](mailto:anne.lise.olsen@meland.kommune.no)



---

**Fra:** Øyvind Blom [<mailto:Oyvind.Blom@blom-fiskeoppdrett.no>]  
**Sendt:** 8. september 2015 12:34  
**Til:** Anne-Lise Næs Olsen  
**Kopi:** Nils Marton Aadland; Anny Bastesen  
**Emne:** SV: Merknadar i samband med høyringsfrist - Flytting av Blom fiskeoppdrett AS frå Laksevika til ny Lokalitet ved Holme

Hei

Eg forstår det slik at vi no skal vente på Fylkesmannen i forbindelse med ei liknande sak i Kvam.

Me byrjar å få dårleg tid i denne saka. Vi skal sette ut ny fisk i Herdla fjorden april 2016. Det betyr at me må flytta anlegget i februar/mars, og då må me ha løyve eller signal om løyve i desember helst.

Investeringsramma på ei slik flytting vil vera 20-30 mill NOK og utstyret må bestillast i november. Eg håper at kommunen kan prøva å pressa på slik at me får ei avklaring. Eg har snakka med Kystverket (Sørensen) om dette og dei er positive dersom me kortar inn anlegget lengdemessig. Eg har ein dialog med kystverket slika t eg kjem med eit nytt forslag på omfanget av anlegget ut i fjorden basert på deira innspel, men me er avhengig av at Fylkesmannen og Meland kommune kan få på plass ein disp. Mattilsynet og fiskeridirektoratet trur eg går greit.

Naboane vil eg ta eit møte med når eg har eit nytt forslag å presentere.

**Mvh**  
**Blom Fiskeoppdrett AS**

Øyvind Blom  
Daglig leder  
[ob@blomsea.no](mailto:ob@blomsea.no)  
mob: 91 38 10 67

---

**Fra:** Anne-Lise Næs Olsen [<mailto:anne.lise.olsen@meland.kommune.no>]

**Sendt:** 27. august 2015 15:30

**Til:** Øyvind Blom

**Emne:** Merknadar i samband med høyringsfrist - Flytting av Blom fiskeoppdrett AS frå Laksevika til ny Lokalitet ved Holme

Se vedlagte saksdokumenter.